



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Onsdag 11. nov. 2020 kl. 20:00
Stad:	Zoom videochat
Tilstades:	Erik Bloch, Marius Johannessen, Espen Sørensen, Magnus Molland (vara), Øyvind Gulliksen (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Magnus M. Aronsen (Vara), Brage Fiskå, Solveig Lanes
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 25/2020	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 26/2020	Godkjenning av referat frå styremøte 21. september 2020
RK-sak 27/2020	Statusrapport
RK-sak 28/2020	Økonomirapport
RK-sak 29/2020	Landsleir 2021 avlyst- alternative opplegg?
RK-sak 30/2020	Julemøte
RK-sak 31/2020	Årsmøtet- smittevern
	Eventuelt

RK-sak 25/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

Det vart gjort endringar i sakslita etter den vart sendt ut.

VEDTAK: Innkalling og sakliste vert godkjent med merknad om endring i sakslita etter den vart utsendt..

RK-sak 26/2020: Godkjenning av referat frå styremøte 21. september 2020

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 21. september 2020 vert godkjent.

RK-sak 27/2020: Statusrapport

Kretsen hadde to deltakarar på speidarforum og to på roverforum. Foruma vart arrangert i Askim 9.-11-oktober.

Fire representantar frå kretsen skal delta på digitalt speidarting 13.-15. november.

VEDTAK: Styret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 28/2020: Økonomirapport

Me hadde bestilt flybiletar til dei som skulle reise på speidartinget før arrangementet vart endra til digitalt. Me har difor betalt for nokre flybiletar me ikkje får brukt.

VEDTAK: Kretsstyret tek økonomirapporten til orientering

RK-sak 29/2020: Landsleir 2021 avlyst- alternative opplegg?

Grunna usikkerheita for om det er mogleg å arrangere landsleir neste sommar har landsleirkomiteen valt å avlyse/utsetje landsleiren. Etter forje kretsstyremøte vart gruppene spurt om kva dei ynskja/såg for seg neste sommar. Me fekk litt varierte svar, der nokon ynskja at kretsen skulle ha eit arrangement, medan andre ikkje ynskja å delta på dette eller har planar om å arrangere leir for si gruppe. Det kom også eit forslag om at dei gruppene som ynskja å arrangere leir saman med ei anna gruppe kan ta kontakt med kretsen, også sett me saman grupper som kan samarbeide. Elles var det lite tilbakemeldingar frå gruppene.

Kretsstyret drøfta forslaga og kom fram til at det ikkje er stor nok interesse for at kretsen skal arrangere ein felles leir. I tillegg er situasjonen rundt koronaviruset framleis veldig usikker, og det er ikkje sikkert me har moglegheit til å samle mange på leir likevel. Kretsstyret syntes det var eit godt forslag at dei kan vera behjelpelege med å setje saman grupper som ynskjer å arrangere leir saman.

VEDTAK: Det vert ikkje arrangert felles leir for kretsen sommaren 2021. Kretssekretær informerer gruppene om moglegheita for å samarbeide med andre grupper.

RK-sak 30/2020: Julemøte

Det er planlagt julemøte for roverane og leiarane i kretsen måndag 30.nov.

Antal personar som er smitta med koronaviruset har auka mykje i det siste. Nokre område i kretsen vår har mykje smitte. Kretsstyret syntes difor det er lite forsvarleg å samle roverar og leiarar frå heile kretsen på nåverande tidspunkt. Alle vert oppfordra til å halde seg heime, og difor vil me ikkje avhalde eit arrangement no.

Kretsstyret ser på moglegheita for å arrangere eit liknande arrangement t.d. rundt påsketider, dersom situasjonen har forbetra seg.

VEDTAK: Julemøte vert avlyst

RK-sak 31/2020: Årsmøtet 2021 - smittevern

Med dei nåverande smittevernreglane vil me ikkje kunne arrangere årsmøtet slik me pleier. Kretsstyret samarbeidar no med kretssekretær og økonomiansvarleg for å sjå på alternative måtar å arrangere årsmøtet på. Me ser på digitale løysingar slik at me ikkje treng å samle heile kretsen fysisk.

VEDTAK: Det vert vurdert alternative måtar å arrangere årsmøtet på.

Eventuelt

- Kretsstyret gjekk gjennom terminlista for våren 2021, og vurderte kva arrangement dei trur det går ann å gjennomføre. Sidan situasjonen er veldig usikker er det vanskeleg å vurdere no. Kretsstyret satsar i utgangspunktet på å kunne gjennomføre dei arrangementa som står på planen. Kretssekretær tek kontakt med forbundet for å høyre kva dei tenkjer om NM i speiding 2021, då dette påverkar korleis me skal arrangere kretskonkurransen.